



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høyring - Konseptutredning Sivilforsvaret

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til konseptutgreiing for Sivilforsvaret. «Konseptutredning Sivilforsvaret 2016» gir ei grundig og god framstilling av dagens situasjon og behova framover. Vi har valt å avgrense våre tilbakemeldingar til nokre konkrete punkt som er viktig for Møre og Romsdal.

Generelt

Sivilforsvaret har ei viktig rolle som støttespelar og bidragsytar i samfunnstryggleik og beredskapsarbeid. Dei har ei sentral rolle som forsterkningsressurs til andre beredskapsmyndigheiter, og dei skal beskytte sivilbefolkninga i kriser og krig gjennom befolkningsvarsling, evakuering og drift av offentlege tilfluktsrom. Endringar i trusselbiletet og forventa klimaendringar med påfølgjande naturhendingar er berre to av årsakene som bør leggjast til grunn for eit operativt og styrka Sivilforsvar. Fylkesmannen støttar konseptutgreiinga sine konklusjonar som inneber ei betydeleg styrking av dagens Sivilforsvar.

Organisering og distriktsstruktur

Som påpeika i utgreiinga samsvarer dagens organisering med inndeling i 20 Sivilforsvarsdistrikt dårleg med mellom anna dei 10 nye føreslåtte folkevalde regionane (fylka) og dei 12 nye politidistrikta. Fylkesmannen meiner at det bør vere eit mål at regionale beredskapsetatar har samanfallande grenser, for å lette samordninga og styrke samarbeidet ved ekstraordinære hendingar, i kriser og i krig.

Med bakgrunn i dette støtte vi utgreiinga om å tilpasse inndelinga av sivilforsvaret til dei nye politidistrikta, og at inndelinga for Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt fortsette som i dag. Distriktet har samanfallande grenser med det nye politidistriktet og fylkesmannsembetet også etter forslag til ny regioninndeling.

Befolkningsvarsling

Sivilforsvaret har i dag ansvar for drift av system for befolkningsvarsling gjennom landets tyfonvarslingsanlegg. I fredstid er det politiet som har ansvar for å utløyse varsling med tyfonane, med teknisk bistand frå sivilforsvaret. Dagens tyfonvarsling dekker i følgje FFI sin rapport berre 50% av befolkninga. Dette er beskriven som ein svakheit ved tiltaket, og store delar av befolkninga vår er utanfor tyfonanes rekkevidde. I tillegg er det ein svakheit ved tiltaket at mange i befolkninga ikkje høyrer varslingssignala, og at mange ikkje er kjent med kva signala betyr. Fylkesmannen meiner det på nasjonalt nivå bør vurderast om det finst

betre og meir effektive system for befolkningsvarsling som gjer betre dekning og betre effekt/respons i befolkninga, som t.d. lokasjonsbasert/adressebasert varsling på mobiltelefon/fasttelefon.

Kommunane har òg gjennom «Sivilbeskyttelseslova» og «Forskrift om kommunal beredskapsplikt» eit ansvar om å vurdere behovet for, og ev. etablere befolkningsvarslingssystem i kommunen. Dette har utløyst at fleire kommunar har investert, eller er i ferd med å investere i ulike løysingar for varsling tilpassa sin kommune. I dei fleste tilfella vil det vere politiet si avgjerd om evakuering som utløyse behov for befolkningsvarsling.

I Møre og Romsdal har vi tre overvaka fjellparti med høg risiko for fjellskred som kan forårsake store tap av liv og materielle skader. Dei ustabile fjellpartia er overvaka døgntilgjengelig av NVE. Kommunane som blir råka av fjellskred har med bakgrunn i krava i «Sivilbeskyttelseslova» og teknisk forskrift (Tek 10 § 7.4) etablert system for befolkningsvarsling med bruk av lokasjonsbasert og adressebasert varsling via telefoni og SMS. Nokon kommunar har i tillegg etablert eigne tyfonar med talefunksjon for varsling av befolkninga. Desse tyfonane er ikkje er drifta av Sivilforsvaret. Det er etablert ulike løysingar for lokasjonsbasert varsling i dei ulike områda i fylket.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner samfunnet sin kapasitet og evne til befolkningsvarsling bør styrkjast for å handtere alle typar kriser (frå fred til krig). Det er behov for eit nytt og meir målretta nasjonalt system for befolkningsvarsling basert på dagens teknologi, som t.d. lokasjonsbasert/adressebasert varsling pr. telefoni, med tyfonvarsling som støttesystem i dei situasjonane der varsling på telefoni ikkje er mogleg. Vi meine det er lite hensiktsmessig og unødig kostbart for samfunnet at det skal etablerast ulike løysingar frå kommune til kommune.

Vi trur det òg kan vere ei god løysing å sjå på om eit nytt system for befolkningsvarsling kan opererast frå dei nye felles operasjonssentralane for politi/brann i tillegg til Sivilforsvaret, då det vil vere dei som utløyser behovet for å nytte systema i dei aller fleste tilfella. Dette vil gje god dekning med like verktøy og like tekniske løysingar for heile landet, og det vil trygge ein døgnbemanna organisasjon som kan handtere befolkningsvarslingssystemet når behovet er der.

Vedlikehald av utstyr

I dag har kommunane ei lovfesta plikt til å lagre og vedlikehalde sivilforsvarets materiell, og kostnader knytt til lagring og vedlikehald skal dekkjast av kommunane. Vi støtter utgreiinga sine konklusjonar om at Sivilforsvaret sjølv bør ha ansvar for og koste vedlikehald av materiell, og trur kanskje det same bør gjelde kostnadane for lager. Dette bør gjenspeglast i sivilforsvaret sine tildelingar på budsjett.

Med helsing

Lodve Solholm

Stine Sætre
fylkesberedskapssjef